

har blitt sett
heim til 6-7

Workshop i digital historiefortelling

8.-9.desember skal Austebygd skule gjennomføra eit kurs i digital historieforteljing i samband med USA-prosjektet vårt. Då kjem Kristoffer Pahle Pedersen frå Jazzmontør og har workshop med oss.

KVA ER EIN DIGITAL HISTORIE?

Det er ein kort film med personleg vinkling kring eit tema. Historia lagast av forteljaren sjølv og baserar seg på stillbilete, enkle videoklipp, teikningar, forteljerstemme og lyd.

KVA SKAL ME GJERA?

Me skal laga historiar som seier noko om kven du er og korleis det er å vera deg- om hobbyar, skulen, familielivet og øya du bur på. Vil du skriva om dyr, natur og friluftsliv, fiske, korps, vennskap, hyttetur, middag, huset ditt, ein vanleg dag, familieliv, juletradisjonar eller noko heilt anna?

På førehand blir me einige om kva historie du vil fortelja. På kurset brukar me tid på å skriva historia på ein god måte, og les etter kvart inn historia på ein lydopptakar. Forteljarstemmen blir så sett saman med biletet, videosnuttar og teikningar på datamaskina. Alle redigerer sine filmar og til slutt har me ein premierefest der me ser alle filmane saman.

Videre håpar me å sende desse historiane til vennskapsklassen vår i USA, og få tilbake liknande historiar frå dei. På denne måten vert me betre kjend med kvarandre!

FØREBUINGAR

Det me ynskjer at elevane gjer heime er eventuelt å samla inn biletet og liknande som dei ynskjer å ha med i sin forteljing. Då er det viktig å tenkja på kva type biletet/teikningar/eventuelle videoar som kan passa til din forteljing. Skal du skriva om fotball, er det fint om du har biletet frå fotballtrenings, kanskje av utstyr du brukar osb.

Uansett kva du skal skriva om, hugs:

Du kan berre bruka biletet du har fått godkjenning til å bruka, både av dei du ser på biletet og av foreldra dine. Kanskje kan du ta biletet bakfrå slik at ein ikkje ser ansikta til dei som er på biletet? Det er fint med biletet som er tatt langt frå, men det er også fint med nærbiletet.

Bileta kan sendast til Linn eller Linn på mail/It's learning, eller de kan ha dei med på minnepenn. Skulen har diverre ikkje kamera til heimlån, men dersom ein skal ta biletet på skulen kan de nytta kamera her.

Dersom de heime har spørsmål kring noko av dette, svarar me gjerne. Ta kontakt på telefon eller mail.

Helsing Linn S. og Linn M.